



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.10.2017
Vår ref.: 2017/9667
Arkivnr.: 461.5

Bokn kommune
Boknatun
5561 Bokn

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Bekkarvik AS v/Finn M. Alvestad og Knarholmen AS v/Finn M. Alvestad - Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på eigedomane 11/327 og 328, Knarholmen Fiskehavn, Bokn kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunnngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Frist for kommens uttale er 8 veker

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Prosjekt Konsult AS på vegne av Bekkarvik AS v/Finn M. Alvestad og Knarholmen AS v/Finn A. Alvestad om løyve etter forureiningslova til 2 utfyllingar i sjø ved Knarholmen Fiskehavn.

Kort orientering om tiltaket:

Type verksemd:	arbeid sjø
Plassering:	Knarholmen Fiskehavn
Søknaden gjeld:	2 utfyllingar i sjø
Varighet:	2-3 månader, etter oppstart som er planlagt i løpet av haust/vinter

	<u>Utfylling I</u>	<u>Utfylling II</u>
Plassering:	landsida fiskehavnen, 11/327	Knarholmen, 11/328
Berekna volum:	8000 -10 000 m ³	20 000 - 25 000 m ³
Berekna sjøbotnareal som blir dekket:	ca. 1900 m ²	ca. 7000 m ²
Planlagt avbøtande tiltak:	siltgardin, duk	siltgardin,

Utfylling I er i eldre reguleringsplan¹ avsett til reguleringsføremålene industri (fiskerirelatert), og hamn, mens utfylling II er avsett til industri (fiskerirelatert) og hamn. Ifølgje søkar vil fyllingsfoten liggja innanfor reguleringsgrensen for ytre kai.

Bakgrunn/søknad

Det vert søkt om å fylla ut ved to områder ved Knarholmen Fiskehavn med stedege sprengsteinmasser som hovudsakleg skal bestå av kvartsskifer og granatglimmerskifer. Det vil brukast elektronisk tennarar på sprengsteinmassene, metoden vil ifølgje søkar gje minimalt med plastavfall. Eventuelle supplerande massar vil til transporterast frå nærliggande område i Bokn kommune. Utfyllingane vil få kote +2 meter, og er planlagt gjennomført med gravemaskin frå land. Det er planlagt å plastra fyllinga med blokktein, som eventuelt vert sikra med fjellboltar ved behov.

Føremålet med utfyllingane/planering er å leggja til rette for bygging av fiskeriretta verksemd, industri og kontor. På sikt tenker ein å bygga kaier fundamentert på pelar i fremkant av utfyllingane.

Inne i hamnebassenget ved utfylling I er sjøbottilhøva fjell stadvis dekt av eit tynnare lag morenemassar ifølgje søkar, det vert planlagt å leggja ut duk før utfyllinga. Sjøbotnen ved/utanfor Knarholmen tilhøyrande utfyllingsområde II er ifølgje søkar fjell, noko som vil dokumenterast.

Fylkesmannens merknader til tiltaket

I følge temakart-rogaland² er det ikkje registrert viktige naturtypar i eller i direkte nærleik av tiltaksområda. Det er likevel registrert tre svært viktig større tareskogforekomstar (verdi A) høvesvis ca. 150, 710, 810 meter frå tiltakområda, som overlappar med eit regionalt viktig gytefelt for torsk. Noko nord for dei omsøkte utfyllingane er det modellert ålegras, ifølgje søkar er det registrert ålegras i nordre del av fiskehavna. Det føregår fiske med passive og aktive reiskap i Boknasundet. I Sponavika på sørsida av moloen er det registrert ein låsettingsplass som ifølgje Fiskeridirektorets kartdatabase vert brukt til makrell (mai-oktober) og sild (januar-april) (ca. 70 meter). Vidare er det enkelte registreringar av ærfugl (nær truga) i området.

Fylkesmannen vil i eit eventuelt løyve blant anna setta krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Det kan blant anna verta aktuelt å setta ytterlegare krav til avbøtande tiltak

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven».

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadane skal dekkast av søkar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i Bokn kommune, Boknatun, 5561 Bokn, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

¹ Bokn kommune (2002). Knarholmen Fiskehavn. Plan id. 200201. Ikrafttredelsesdato 02.10.2002.

² www.temakart-rogaland.no

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunens uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi anbefaler at kommunen føretek ein kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Mariann Størksen
fung. seksjonsleder

Lasse Aase Tønnesen
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Lasse Aase Tønnesen
Saksbehandlar telefon: 51568904
E-post: fmrolaa@fylkesmannen.no

Vedlegg:
Søknadsdokument
Kunngjeringstekst
Kopi av brev til andre høyringsinstansar (utan vedlegg)

Kopi til:
Bekkarvik AS og Driftavegen 7 5561 BOKN
Knarholmen AS